SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Susan Husabø
E-post: Susan.Husabo@sfj.no
Tlf.: 57638150

Vår ref.
Sak nr.: 18/258-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
1688/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 16.01.2018

Notat

Til: Fylkesutvalet (som klagenemnd), møte 23. januar 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om endring av rutinar for inntak til YSK-tilbod i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Då det ikkje er lagt opp til møte i FU som klagenemnd 23.01 vel fylkesrådmannen å orientere FU om at rutinane for inntak til YSK no er tydeleggjorde mv.

Fylkesutvalet som klagenemnd handsama 14.08.17 klager på vedtak om inntak til vidaregåande opplæring på tilbod innan yrkes- og studiekompetanse (YSK, sakene 4/17 og 5/17). Dette gjaldt ei sak knytt til inntak ved Måløy vidaregåande skule og ei tilsvarande sak ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Fylkesutvalet som klagenemnd tok ikkje klagene til følgje. I samband med handsaminga vart fylkesrådmannen beden om å syte for at rutinane for inntak til YSK vart tydeleggjorde og at desse rutinane blir gjort kjende.

I etterkant av handsaminga i fylkesutvalet som klagenemnd har fylkesrådmannen utarbeidd felles rutinar for inntak til YSK-tilboda. Rutinane er innarbeidd i søkarhandboka og gjeld for inntak til skuleåret 2018-2019. Rutinane ligg på fylkeskommunen si heimeside. Søkarhandboka ligg til grunn for informasjonen som rådgjevarane gir den einskilde søkar.

Hovudinnhaldet i rutinane kan oppsummerast slik:

- Skulane presenterer oversikt over tilgjengelege lærebedrifter på sine heimesider. Søkjarane må prioritere 3 bedrifter dei kan tenkje seg som lærebedrift. Bedriftene får så oversikt over alle søkjarane i lag med karakterpoeng ved 1.termin og søkarane sine prioriterte lærebedrifter.

- Søkjarane får informasjon om at bedriftene sjølve vel kven dei ønsker å kalla inn til intervju og kven dei vil tilsette som lærling. Det treng difor ikkje vere søkjarane med høgst poengsum som får tilbod om intervju og plass, sjølv om bedriftene får informasjon om poengsummen.

Dei fullstendige rutinane følgjer vedlagt.

Dette til orientering.